



Ekstotisk – Aktiv – Trygg



**Godtgjersler, avgifter og betalingsattsar
2017**

Vedtatt av kommunestyret 13.12.2016, sak 95/16

1. SKATT PÅ INNTEKT, FORMUE OG EIGEDOM

Vert for 2017 skreve ut slik:

Type skatt	Sats	Lovheimel
På inntekt	11,8 %	Stortingets skattevedtak § 3-8 (forslag)
På formue	7 ‰	Stortingets skattevedtak § 2-3 (forslag)
Naturressursskatt	1,1 øre/kwt.	Skatteloven § 18-2 (3)
Eigedomsskatt på verk og bruk	7 ‰	Eigedomsskattelova § 11 første ledd

Eigedomsskatt på verk og bruk:

1. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på verk og bruk i heile kommunen, jfr eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
2. Eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogbruk er fritekne for eigedomsskatt, jfr eigedomsskattelova § 5 bokstav h.
3. Klage over eigedomsskattetaksten må vera fremja innan 3 veker frå utleggsdatoen for eigedomsskattelista, jfr eigedomsskattelova § 19.
4. Eigedomsskatten vert skreve ut i 2 terminar, jfr eigedomsskattelova § 25 første ledd.

2. LÅN OG LÅNEOPPTAK

Låneramma for 2017 vert NOK 69,5 millionar. Lån skal takast opp med 20 års avdragstid dersom anna ikkje er bestemt

3. GODTGJERSLE

1. Ordførargodtgjersle.
 - a) Ordførargodtgjering på 90 % av stortingsrepresentantar si løn. Godtgjersla dekkjer og tapt arbeidsforteneste.
 - b) Ettergodtgjersle blir utbetalt i 1 ½ månad etter avslutta teneste dersom ordføraren har ein jobb å gå tilbake til, og i 3 månader dersom ordføraren ikkje har ein jobb å gå tilbake til.
 - c) Når ein ordførar går av blir det betalt ut feriepengar for det siste kalenderåret.
 - d) Kommunen dekker abonnement og bruk av mobiltelefon for ordføraren.
 - e) Ordførarvervet skal for 2017 utgjera full stilling.
- 2) Varaordførar
 - a) Frikjøp ein heil eller to halve dagar, samla 20 % frikjøp.
 - b) Varaordførargodtgjersla vert sett til 11 % av stortingsrepresentantløn.
 - c) Tapt arbeidsforteneste vert betalt utanom det faste honoraret.
 - d) Når varaordførar er ordførar i ordførar sin ferie eller permisjon, skal ordførargodtgjersle utbetalast for den delen ein er ordførar.
- 3) Andre medlemmer av formannskapet. Godtgjersla vert sett til 6,5 % av stortingsrepresentantløn. Tillitsvalde i partsamansett formannskap - sats som for eldrerådet kr. 500,- pr. møte.
- 4) Ekstra formannskapsmøte inngår i den faste møtegodtgjersla
- 5) Varamedlemmer til formannskapet vert godtgjort med kr 700,- pr møte dei er med på.

- 6) Kommunestyremedlemmene (inkl. formannskapet) får godtgjersle tilsvarende 1 % av stortingsrepresentantløn.
- 7) Varamedlemmer til kommunestyret får kr. 500,- pr. møte.
- 8) Skjenkekontrollutvalet vert lagt til levekårsutvalet.
- 9) Godtgjersler til medlemmer av utval og representantskap:
For alle utval gjeld at fast godtgjersle dekkar eventuelle ekstramøte.

Levekårsutvalet og LMT-utvalet	
Leiar	6,5 % av stortingsrepresentantløn
Medlemmer	4 % av stortingsrepresentantløn

Styret for Suldal Elverk KF	
Leiar	6,5 % av stortingsrepresentantløn
Medlemmer	4 % av stortingsrepresentantløn

Fjellstyret	
Leiar	kr 6000,- pr. år
Kasserar	kr 3000,- pr. år
Sekretær	kr 3000,- pr. år
Styremedlem	kr 1000,- pr. år

Kontrollutvalet	
Leiar	5 % av stortingsrepresentantløn
Medlemmer	3 % av stortingsrepresentantløn

Andre utval	
Leiar	kr 750,- pr. møte
Medlemmer	kr 500,- pr. møte
Godtgjersla gjeld og medlemmane i grendautvala, forliksrådet, eldrerådet, råd for funksjonshemma, andre utval	For grendautvala gjeld: sekretær kr 500,- per møte
Leiar i Suldal kommunale næringsfond	Kr. 5.000 i fast godtgjering, 500 pr. møte til medlemmene

Det er ei føresetnad at utval med egne inntekter, t.d. Suldal kommunale næringsfond og forliksrådet, dekkar godtgjersla med desse midla.

Andre godtgjersler	
Varamedlemmer i hovudutval	kr 500,- pr. møte
Telefon mm formannskapet	kr 2000,-
Telefon og aviser varaordførar og hovudutvalsleiar	kr 6000,-

Representantskapsmedlem IKS	
Medlem	kr 500,- pr. møte

Tapt arbeidsforteneste og reisedekning etter vanlege reglar. Der vårt medlem er valt som leiar for representantskapet kan egne godtgjersler avtalast med IKS-et. Godtgjersle blir ikkje utbetalt til tilsette eller ordførar.

10) Tapt arbeidsforteneste:

- a) Frikjøp/ikkje dokumentert dekning av tapt arbeidsinntekt blir dekket med inntil kr. 1.800 pr. dag. Er fråværet mindre enn fire timar blir det dekket for halv dag. Er ein borte meir enn fire timar blir det dekket for full arbeidsdag. Det er ein føresetnad at det er eit reelt tap av inntekt.
- b) Dokumentert tap blir dekket etter rekning, men ikkje med meir enn som timesats for ordførar
- c) Utgifter som ombodsmenn har hatt for å kunne ivareta vervet i kommunen, vert dekket etter kvittert rekning.
- d) Det vert ikkje dekket ulegitimerte tap i arbeidsforteneste for møte som tek til etter kl. 19.00.
- e) Skyss- og kostgodtgjersle vert dekket for alle ombodsmenn etter gjeldande regulativ for kommunen. Rekninga skal vere attestert av politisk sekretariat.
- f) Frikjøp ved ekstraordnære møte blir vurdert av ordføraren/utvalsleiar i kvart einskild tilfelle.
- g) Er ein representant borte frå meir enn 1/3 av møta, blir honorar fordelt på dei som har møtt i staden. Blir dette beløpet større enn ordinær møtegodtgjersle, fell denne bort. Ved fråvær frå møter på grunn av til dømes sjukdom, kan ordførar ta stilling til honorarpraksis.
- h) Politikargodtgjersla skal justerast samstundes med justering av godtgjersla til stortingsrepresentantane.
- i) Godtgjersle for omsorg (omsorgsløn). Timesats lik minstelønnsats etter 10 år for ufaglært arbeidskraft.
- j) Støttekontakt / Privat avlasting.
 - Støttekontakt blir lønna lik minstelønnsats for ufaglært arbeidskraft.
 - Privat avlasting blir lønna lik minstelønnsats for ufaglært arbeidskraft. Ved avlasting i heile døgn reknar ein vanlegvis lønn for 16 timar pr. døgn. Utgiftsdekning etter KS sine satsar.
 - Enkelttimar med avlasting blir lønna lik minstelønnsats for ufaglært arbeidskraft.

4. KOMMUNALE AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR

- Kommunale avgifter og betalingssatsar er auka med 4 %.
- Husleigesatser for omsorgsbustader blir regulert i forhold til konsumprisindeksen. Andre husleiger er auka med 4 %.
- Barnehagesatsar. Forslaga i statsbudsjettet er nytta. Her er maksprisen auka til 2.730 for full plass. Prisen for redusert plass er auka med 4%. Nye reglar for gratis kjernetid er innarbeidd i betalingsheftet.
- Gebyr for gravferdshjelp er auka slik at det er meir i tråd med prinsippet om sjølvkost. Også gebyra knytta til trygghetsalarm er auka meir enn 4 % for å vera meir i tråd med andre kommunar.
- Alle beløp over kr 100,- er avrunda til heile 10-kronar der kommunen sjølv bestemmer satsane.
- Renovasjonsavgiftene er satt av Ryfylke miljøverk.
- Gebyr knytta til nye betalingsreglar for kaiar, kommunale eigedommar og fjellveggar er teke inn i betalingsheftet i tråd med vedtaket i kommunestyret. Det er likevel usikkert kva tid dette trer i kraft.

1. VATN OG KLOAKK

A) Heile kommunen utanom Mosvatnet-området

Alle satsar er inkludert mva.

Hus og hytter	2017	2016
Tilknytingsavgift vatn	kr 28 300	kr 27 200
Tilknytingsavgift kloakk	kr 22 400	kr 21 500
Årsavgifter for bustadhus, fritidshus og hytter fastsett ut frå stipulert forbruk gjeldande forbruksgebyret:	2017	2016
Vatn		
Abonnementsavgift (35% av samla årsavgift)	kr 1 610	kr 1 550
Forbruksavgift (65% av samla årsavgift, stipulert forbruk på 210 m ³)	kr 2 880	kr 2 770
Sum årsavgift vatn	kr 4 490	kr 4 320
Kloakk		
Abonnementsavgift (35% av samla årsavgift)	kr 1 480	kr 1 420
Forbruksavgift (65% av samla årsavgift, stipulert avløpsmengd 210 m ³)	kr 2 740	kr 2 630
Sum årsavgift kloakk	kr 4 220	kr 4 050
Årsavgifter ved berekning av årsavgifter for vatn og kloakk ut frå faktisk forbruk	2017	2016
Vatn		
Abonnementsavgift	kr 1 610	kr 1 550
Forbruksavgift etter målt forbruk pr. m ³	kr 13,3	kr 12,8
Leige av vassmålar	kr 310	kr 300
Kloakk		
Årsavgift kloakk		
Abonnementsavgift	kr 1 480	kr 1 420
Forbruksavgift etter målt forbruk vatn pr. m ³	kr 12,6	kr 12,1

B) Mosvatnet-området

Alle satsar er inkludert mva.

Mosvatnet-området	2017	2016
Tilknytingsavgift vatn	kr 85 800	kr 82 510
Tilknytingsavgift kloakk	kr 100 100	kr 96 260
Årsavgifter for hytter og fritidshus i Mosvatn-området fastsett ut frå stipulert forbruk gjeldande forbruksgebyret:	2017	2016
Årsavgift vatn		
Abonnementsavgift	kr 2 700	kr 2 600
Forbruksgebyr	kr 1 660	kr 1 600
Sum årsavgift vatn	kr 4 360	kr 4 200
Årsavgift kloakk		
Abonnementsavgift	kr 3 410	kr 3 280
Forbruksgebyr	kr 2 000	kr 1 920
Sum årsavgift kloakk	kr 5 410	kr 5 200
Årsavgift for hytter og fritidshus i Mosvatn-området ut frå faktisk forbruk	2017	2016
Årsavgift vatn		
Abonnementsavgift	kr 2 700	kr 2 600
Forbruksgebyr etter målt forbruk pr. m3	kr 22,3	kr 21,4
Leige av vassmålar	kr 310	kr 300
Årsavgift kloakk		
Abonnementsavgift	kr 3 410	kr 3 280
Forbruksavgift etter målt forbruk vatn pr. m3	kr 26,6	kr 25,6

Abonnementsavgift for næringsseigedomar, større offentlege verksemder, og næringsdel i kombinasjonsbygg vert fastsett etter særlege reglar fastsett i forskrifta sin § 6.2.

C) Næringsbygg og andre bygg som ikkje er hytter/fritidshus

- Tilknytingsavgifter for vatn og kloakk er det same som for hytter og fritidshus.
- Abonnementsavgifta for vatn og kloakk vert fastsett etter særlege reglar fastsett i forskrifta sin § 6.2.
- Forbruksgebyret er som for hytter og fritidshus.
- Leige av vassmålar er som for hytter og fritidshus.

2. FEIEAVGIFT

Feiing inkl mva	2017	2016
Feiing kvart 2 år pr pipe	kr 450	kr 430

3. RENOVASJONGEBYR

Ligg på Rymi si heimeside. Sjå <http://rymi.no/prisar>.

Prisliste

PRISAR 2017

ordning 1	kr 3.528,-
ordning 2	kr 3.130,-
ordning 3	kr 2.935,-
ordning 4	kr 2.608,-
ordning 5 (hytterrenovasjon m/dunk)	kr 2.132,-
hytterrenovasjon	kr 1.690,-
hytteren. m/vinterstengt veg	kr 1.225,-
årleg slamavgift tømning 2. kv år	kr 1.451,-
årleg slamavgift tømning 4. kv år	kr 1.055,-
årleg slamavgift tømning kvart år	kr 1.999,-
årleg slamavgift tømning 2 gonger i året	kr 3.998,-
årleg avgift fellestank	
rull med 5 røde ekstrasekker	kr 250,-

4. GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

(Tinglysingsgebyr kjem i tillegg til satsane nedanfor)

4.1 Oppretting av matrikkeleining

4.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Oppretting av grunneigedom og festegrund punktfeste	2017	2016
Punktfeste	kr 7 480	kr 7 190
Areal frå 0-500 m ²	kr 15 070	kr 14 490
Areal frå 501 – 2000 m ²	kr 19 150	kr 18 410
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da	kr 690	kr 660
Utan markarbeid	kr 5 440	kr 5 230
Pr pkt som ikkje er etablert / koordbestemt frå før	kr 890	kr 860

For eigedom som ikkje er sjølvstendig brukseining vert rekna 0,5 gebyr etter dette pkt.

4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	2017	2016
Areal frå 0-500 m ²	kr 15 070	kr 14 490
Areal frå 501 – 2000 m ²	kr 19 150	kr 18 410
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da	kr 690	kr 660

4.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon

Oppretting av uteareal på eigarseksjon	2017	2016
Gebyr for tilleggsareal pr. eigarseksjon		
Areal frå 0-50 m ²	kr 9 520	kr 9 150
Areal frå 51-250 m ²	kr 12 230	kr 11 760
Areal frå 251-2000 m ²	kr 13 710	kr 13 180
Areal frå 2001m ² – auke pr. påbegynt da	kr 690	kr 660

4.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Oppretting av anleggseigedom	2017	2016
Gebyr for oppretting av anleggseigedom		
Areal frå 0-2000 m ²	kr 34 230	kr 32 910
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da	kr 1 360	kr 1 310

4.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid – sjå pkt.

4.12.

4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Syner til 4.1.1., 4.1.2., 4.1.4. og 4.1.5. I tillegg kr 5080,- for å utføra oppmålingsforretning.

4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avisast eller ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve vert sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 4.1. og 4.2.

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigdommen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan likevel ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigdommen sitt areal før justeringa.

Grensejustering grunneigedom	2017	2016
Areal frå 0-250 m ²	kr 6 800	kr 6 540
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 9 520	kr 9 150

4.3.2 Anleggseigedom

Ein anleggseigedom kan justerast med inntil 5% av anleggseigdommen sitt areal, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m².

Grensejustering anleggseigedom	2017	2016
Areal frå 0-250 m ²	kr 13 710	kr 13 180
Areal frå 251 – 1000 m ²	kr 17 790	kr 17 110

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Arealsatser som i 4.1.1. redusert med 40%.

4.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan areal som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vera registrert på ei tredje matrikkeleining. Arealet kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande areal.

Anleggseigedom	2017	2016
Areal frå 0-250 m ²	kr 21 990	kr 21 140
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 27 420	kr 26 370
Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ² medfører ein auke av gebyret på	kr 2 040	kr 1 960

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

Klarlegging der koord er bestemt	2017	2016
For inntil 2 pkt. men maks som 4.1.1	kr 4 080	kr 3 920
For overskytande grensepunkt, pr. pkt.	kr 450	kr 430

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt /eller klarlegging av rettar.

Klarlegging der koord ikkje er bestemt	2017	2016
For inntil 2 punkt	kr 5 440	kr 5 230
For overskytande grensepunkt, pr. pkt men maks som 4.1.1	kr 890	kr 860

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid, sjå pkt. 4.12.

4.7 Privat grenseavtale

Privat grenseavtale	2017	2016
For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	kr 5 320	kr 5 120

For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde
Billegaste alternativ for rekvirent skal veljast. Alternativt kan gebyr fastsetjast etter medgått tid. (sjå pkt. 4.12)

4.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret utan tvil er urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagt til grunn og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan bygdeutviklingssjefen eller den han har gitt fullmakt fastsetja eit høveleg gebyr.

4.9 Betalingstidspunkt

Gebyret vert kravd inn på etterskot.

4.10 Endringar i grunnlag for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten endringar i grunnlaget for matrikkelføring medan saka pågår, vert gebyret likevel oppretthalde.

4.11 Utskriving av matrikelbrev

Satsane for utskrivning av matrikelbrev vert regulert av Statens Kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

4.12 Andre tenester

Arbeid som ikkje passar inn i punkta over vert fakturert med **kr 1000,-** pr. time. Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.

5. GEBYR ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA

5.1 Bustadhus

Bustadshus m.m.	2017	2016
Sakshandsaming for oppføring av heilårs einebustad i tråd med arealplan eller gitt dispensasjon, inkl. ferdigattest	kr 7 940	kr 7 630
Fleirmannsbustader og rekkehus grunngelyr	kr 7 630	kr 7 630
Tillegg for ekstra bueiing	kr 4 270	kr 4 110
Søknad som kan fremjast av tiltakshavar (§ 20-2)	kr 3 970	kr 3 820

5.2 Hytter

Hytter m.m.	2017	2016
Sakshandsaming for oppføring av hytter/fritidshus i tråd med arealplan eller gitt dispensasjon, inkl. ferdigattest, per bueining	kr 7 940	kr 7 630
Hytter i rekke grunngelyr	kr 7 630	kr 7 630
Tillegg for ekstra bueiing	kr 4 110	kr 4 110
Søknad som kan fremjast av tiltakshavar (§ 20-2)	kr 3 970	kr 3 820

5.3 Næringsbygg

Næringsbygg m.m	2017	2016
Sakshandsaming for oppføring av nybygg næringsbygg/forsamlingslokale/offentleg bygg	kr 18 130	kr 17 430
Sakshandsaming tilbygg/påbygg/ombygging næringsbygg (som over)	kr 4 520	kr 4 350
Sakshandsaming driftsbygning i landbruket større 100 m ²	kr 4 520	kr 4 350
Sakshandsaming driftsbygning mindre enn 100 m ²	kr 3 970	kr 3 820

5.4 Søknad om endring av løyve

Søknad om endring av løyve	2017	2016
Søknad om endring av løyve (gjeld tiltak med ansvarleg føretak)	kr 2 270	kr 2 180

Endring av ansvarleg føretak får berre gebyr for godkjenning av ansvarsrett

5.5 Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak

Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak	2017	2016
Ulovlege tiltak i 100-metersbeltet i st randsona eller andre område med særleg juridisk vern	kr 18 130	kr 17 430
Ulovlege tiltak i andre område	kr 13 590	kr 13 070

5.6 Dispensasjon etter plan og bygningslova

Dispensasjon etter plan- og bygningslova	2017	2016
Dispensasjon etter plan- og bygningslova	kr 7 940	kr 7 630

5.7 Godkjenning av ansvarsrett

Godkjenning av ansvarsrett	2017	2016
Ved lokal godkjenning, pr. faggruppe	kr 2 270	kr 2 180
Ved sentral godkjenning, pr. faggruppe	kr 570	kr 550
Personleg godkjenning til eige bruk	kr 1 130	kr 1 090

5.8 Andre tiltak

Andre tiltak	2017	2016
Riving av bygning, fasadeendring	kr 1 710	kr 1 640
Naust, brygger, mindre enn 50 m ² , inkl. ombygging, påbygg i tråd med godkjent reg.plan (disp.gebyr kjem i tillegg)	kr 4 520	kr 4 350
Molo, brygge, større enn 50 m ²	kr 5 660	kr 5 440
Bruksendring	kr 3 060	kr 2 940
Vesentlege terrenginngrep, graving/fylling/sprenging utanom byggesak (veg, mur, tekniske anlegg osv.)	kr 4 520	kr 4 350
Forstøtningsmur, mur	kr 2 270	kr 2 180
Basseng, brønn, dam, innhegning, terrenginngrep og andre mindre søknadspliktige tiltak	kr 1 130	kr 1 090
Deling etter plan- og bygningslova	kr 2 270	kr 2 180
Mellombels tiltak inkl. mellombels bruksendring	kr 2 270	kr 2 180

5.9 Reguleringsplan / detaljplan

REGULERINGSPLAN /DETALJPLAN	2017	2016
Vurdering av planframlegg som ikkje er i tråd med kommuneplan		
a. Byggeområde	kr 5 660	kr 5 440
b. LNF-område	kr 11 340	kr 10 900
Handsaming av reguleringsplan/detaljplan	kr 28 330	kr 27 240
Handsaming av reguleringsendring	kr 7 940	kr 7 630
Gebyr pr pkt/tomt/bueining i detaljplan/endring av plan	kr 1 710	kr 1 640
Kostnad detaljplan som blir avvist ved 1. gongs handsaming	kr 22 660	kr 21 790
Utbyggjar kostar undersøkingar etter kulturminnelova		
Timepris digital ferdiggjering av plan	kr 840	kr 810

5.10 Gebyr for saker etter ureiningslova

GEBYR FOR SAKER ETTER UREININGSLOVA	2017	2016
Søknad om nytt eller fornying av utsleppsløyve for utslepp < 50 pe	kr 2 840	kr 2 730
Søknad om nytt eller fornying av utsleppsløyve for utslepp > 50 pe	kr 13 590	kr 13 070
Søknad om tilknytning til eksisterande anlegg/utsleppsleidning	kr 1 710	kr 1 640

5.12 Gebyr etter jord-/skog-/forpaktings- og konsesjonslov

GEBYR ETTER JORD-/SKOG-/FORPAKTINGS- OG KONSESJONSLOV	2017	2016
Deling etter jordlova	kr 1 710	kr 1 640
Omdisponering etter jord- og skoglov	kr 1 710	kr 1 640
Forpaktning, tiltredings- og fråtreidingskjønn, landbrukstakst	kr 4 520	kr 4 350
Konsesjonssøknad	kr 5 660	kr 5 440

6 VEG OG KAI

Veg og kai	2017
Bompengesats frå Gullingen og innover fjellet (passering Sandsa)	kr 50
Årskort	kr 450
Bubilovernatting på kai (sats avhengig av tenesteyting)	kr 90-200
Pris for bruk av kommunal kai (frakt av varer)	
Tømmer (pris per kubikk)	12,3
Anna (pris per tonn evt pr 2 kubikk)	8,0

For varer som blir frakta med skip til eller frå over kommunen sine kaiar skal det betalast vareavgift. Berekningsgrunnlaget for vekt er metriske tonn. Volumgods reknast om til vekteinng der 2 kubikk = 1 tonn
Minstepris 500kr

Lagring på kai kr. 500/døgn.

7. KOPIERING/UTSKRIFT AV KART OG TEIKNINGAR.

(utan mva for kopi av off. arkiv – elles kjem mva. i tillegg)

2017				
Storleik	Svart/kvitt kopi	Fargekopi	Kart/ Ortofoto	Teikningar
A4	kr 2	kr 8	kr 25	kr 139
A3	kr 4	kr 14	kr 107	kr 203
A2	kr 9		kr 229	
A1	kr 31		kr 229	
A0	kr 36		kr 322	
Laminering				
A4	kr 10			
A3	kr 15			

8. BRØYTING

Brøyting inkl mva	2017	2016
Brøyteavgift	kr 5 680	kr 5 460

9. GRAVFERDSTENESTE

Gravferdsteneste	2017	2016
Gravferdsteneste	kr 1 500	kr 1 400
Bruk av bårebil pr km	kr 6	kr 6
Bruk av bårebil pr time ekskl mva	kr 490	kr 470

Gravferdsteneste:

- Stelle den døde
- Bestille kiste
- Leggje i kiste
- Bestille bårebil
- Leggja til rette for avskjedsstund på bårerommet på sjukeheimen

Bruk av bårebil per time er samla medgått tidsbruk me har til bårebilkøyring per bære/gravferd.

10. SAL AV BUSTADTOMTER

Bustadfelt 2017	Tal ledige tomter	Pris råtomt pr. m2	Refusjon for opparbeidingskostnader	Merknader
Haugabjør, Suldalsosen	3	27	kr 84 000	
Mehushaugen, Suldalsosen	1	27	kr 84 000	
Svehaugane, Jelsa	3	27	kr 276 000	
Kjølvikstølen, Ropeidhalvøya	5	27	kr 247 000	
Haugen, Sand	9	187	kr 340 000	
Ormehaugen, Vanvik	7			Pris ikkje fastsett (saka skal handsamast politisk)

I tillegg kjem tilknytingsavgifter, oppmålingsgebyr og sakshandsamingsgebyr på til saman om lag kr. 75.000,- inkl. mva .

Selde tomter skal vera påbegynt innan to år og ferdigbygd innan fire år.

11. HUSLEIGESATSAR FOR KOMMUNALE BUSTADER

- Husleiga for 2017 skal aukast med 4% i høve til husleige 2016.

12. HUSLEIGESATSAR OMSORGSBUSTADER OG VERNA BUSTADER

- Husleigeforholdet skal vere i samsvar med husleigelova av 26. mars 1999 nr. 17
- Leige vert fastsett for kvar bustad (k.sak 80/02).
- Leigeforhold til ovannemnde føremål er ikkje tidsavgrensa.

13. BETALINGSSATSAR FOR LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM

- For langtidsopphald i sjukeheim i Suldal er betalinga 75 % av grunnbeløpet med frådrag av fribeløp fastsett av Kongen. Av inntekter utover grunnbeløpet vert det trekt inntil 85 %, då med reduksjon av kr. 1.000,- til dekking av "renter for lommepengekonto" som ikkje skal vere med i grunnlaget.
- For m.a. yrkesskadetrygd, krigspensjon og når pensjonærane har heimebuande ektefelle, gjeld særskilte reglar. Ved den årlege avrekninga vert det teke omsyn til evt. ekstraintekter, skatt og gjeldsrenter.
- Korrigert brutto driftsutgift institusjon per kommunal plass: 1 350 024,- (Kostra 2014).
- Utbetaling ved permisjon ved opphald på sjukehus: kr 0,-.
- Utbetaling ved permisjon i heimen for permisjon på 4 døger eller mer (kfr pkt 13 d): kr 146,- per døgn.
- For korttidsopphald i sjukeheimen: Full sats, som for tida er kroner 150,- for døgnopphald i institusjon inntil 60 dagar. Ved korttidsopphald over 60 dagar blir det betalt som ved langtidsopphald. Kroner 80,- for dag- eller nattopphald i institusjon. Etter forskrift.

14. BETALING FOR HEIMEBASERTE TENESTER

A. Det kan ikkje krevjast eigenbetaling for heimesjukepleie.

B. Betalingssatsar for praktisk bistand og opplæring i dagleglivet sine gjeremål:

B.1. Praktisk bistand omfattar heimehjelp, husmorvikarteneste, ambulerande vaktmeister og anna hjelpeverksemd for eldre, funksjonshemma og barnefamiljar.

B.2. Opplæring omfattar opplæring i dagleglivet sine gjeremål for å gjera den einskilde mest mogleg sjølvhjelpen. For desse tenestene vil ein framleis ha utgiftstak.

B.3. Maks timepris kr. 200, jfr Rapport dagsett 02.11.2011. Er inflasjonsjustert i budsjettet.

B.4. Utgiftstak for inntekt under 2 G vert fastsett sentralt.

2017	Timesats	Utgiftstak pr. mnd.
Inntil 2G	kr 190	kr 190
2G - 3G	kr 230	kr 660
3G - 4G	kr 230	kr 1 240
4G - 5G	kr 230	kr 1 890
Over 5G	kr 230	kr 2 430

I forskrift om kommunal egenandel i helse og omsorgstjeneste står det i § 10 "Når kommunen bestemmer den maksimale egenandelen en person skal betale pr. år for tjenester som nevnt i § 8 skal betalingen beregnes på grunnlag av husstandens samlede skattbare nettoinntekt før særfradrag". Siste tilgjengelige skatteligning pr. 1. januar i det aktuelle året legges til grunn med mindre inntekten er vesentlig endret. Til inntekten legges også hjelpestønad fra folketrygden til hjelp i huset, mens omsorgslønn etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 skal trekkes fra inntektsgrunnlaget. Dersom husstandens samlede skattbare nettoinntekt før særfradrag er under 2 G, skal den samlede egenandelen for tjenester som nevnt i § 8 ikke overstige et utgiftstak på kroner 190 pr. måned. Til grunn for fastsetting av utgiftstaket legges G pr. 1. januar i det aktuelle året."

C. Dersom det kjem noko i vegen slik at ein ikkje vil motta tenesta, må ein melde frå til heimehjelpsformidlaren seinast 2 dagar før tenesta er avtala utført dersom ein skal sleppe å betale for tenestene under pkt. b.

D. Dagtilbod

Dagtilbod abonnement pr. måned:	2017	2016
1 dag pr. veke eks mat	kr 300	kr 290
2 dagar pr. veke eks mat	kr 580	kr 560
3 dagar pr. veke eks mat	kr 850	kr 820
4 dagar pr. veke eks mat	kr 1 250	kr 1 200
5 dagar pr. veke eks mat	kr 1 440	kr 1 380

E. Bruk (leige) av vaskemaskin og tørketrommel (inkl. vaskepulver og straum) kr. 100,- pr. mnd.

F. Eigenbetaling for mat *inkl. mva.*: (Ikkje med i utgiftstak)

Mat	2017	2016
Middag til brukarar med fast avtale	kr 80	kr 80
Frukost/kvelds/graut til brukarar med fast avtale	kr 35	kr 34
Middag til personalet i den einskilde sona	kr 94	kr 90
Middag til besøkjande inkl 25% mva	kr 94	kr 90
Middag til born under 10 år inkl 25% mva	kr 0	kr 0
Frukost/kvelds/graut til besøkjande inkl 25% mva	kr 0	kr 0

G. Leigepris for trygghetsalarm: (Ikkje med i utgiftstak)
Kroner 190,- pr. måned. Kroner 2.280,- pr. år.

H. Signalanlegg omsorgsbustad: (Ikkje med i utgiftstak)
Kroner 160,- pr. måned. Kroner 1.920,- pr. år.

15 AVLASTING

Etter lov om sosiale tenester er det ikkje høve til å ta eigenbetaling for avlasting.

16 BETALING FOR LEGETENESTE

A Legeteneste – etter reglar frå sentralt hald

B Reisevaksine – etter reglar i frå sentralt hald (me har ikkje fått nye tal for 2017)

Reisevaksine	2016	2015
1.gongs konsultasjon	kr 350	kr 310
2.gongs konsultasjon	kr 250	kr 210
Barn 2-16 år	kr 250	kr 210
Tillegg (eingongsmateriell, hygienekost., adm tillegg mm)	kr 85	kr 85

Familiegruppe på 3 eller fleire: kvar 3 over 16 år betaler 2. gongs konsultasjons-pris.

Studentrabatt: 10%

Kostnad for vaksiner kjem i tillegg.

17 BETALING FOR OPPHALD I BARNEHAGAR

a Opningstida i barnehagane

Normalopningstida i barnehagane er klokka 07.00-16.30 med følgjande to unntak:

1. I barnehagar med færre enn ti snittplassar kan styrar i etter drøfting med samarbeidsutvalet koma fram til redusert normalopningstid.
2. Foreldre kan, etter søknad, få tilbod i barnehagen 15 minutt før (06.45) eller 15 minutt etter (16.45). Det ligg til grunn at det likevel er 9,5 time som er tilbodet også denne dagen.

b Betaling:

2017 frå 01.01.2017	Betalingssatsar pr mnd:			
Inntektsintervall	5 dagar	4 dagar	3 dagar	2 dagar
1. 0 – 3 G (kr 270.204)	Friplass	Friplass	Friplass	Friplass
2. Under 486.750	kr 1 790	kr 1 620	kr 1 250	kr 890
3. Over 486.750	kr 2 730	kr 2 420	kr 1 870	kr 1 330
4. 3-5 åringer 270` - 417`	kr 1 520	kr 970	kr 420	Friplass

*Nytt punkt 4 - gratis kjernetid for 4- og 5 åringer

- Det blir gitt tilbod om 3,4 eller 5 dagar. **(Nytt at todagarstilbodet er teke bort frå 1.august)**
- Foreldrebetalinga skal utgjere maksimalt seks prosent av familiens samla inntekt.
- Foreldrebetalinga skal reknast etter bruttoinntekt for familie/sambuarar.
- Alle familiar med en samla inntekt under NOK 486 750,- har rett på redusert foreldrebetaling.
- Alle 3-, 4- og 5-åringer, og barn med utsatt skolestart, som bor i hushald med låg inntekt, har rett på 20 timer gratis opphaldstid i barnehage per uke. For barnehageåret 2016-2017 gjelder dette for hushald som har ei samla inntekt som er lågare enn 417 000 kroner per år.
- For fullt år skal det betalast for 11. månader
- 6-åringer som går i barnehagen fram mot skulestart betalar halv pris for august.
- Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad.
- For barnehageåret 2015/2016 vert bruttoinntekt for 2014 lagt til grunn. For barnehageåret 2016/2017 vert bruttoinntekta for 2015 lagt til grunn.
- Ved store endringar i inntekta, som utgjer meir enn 1/3 av inntekta, må ein melde frå til kommunen. Foreldrebetalinga kan då bli endra.
- Ved brå endring i familietilhøve som har innverknad på familieinntekta, vil endra foreldrebetaling bli vurdert (t.d. sjukdom, skilsmisse, utdanning)
- Det vert gitt 30 % reduksjon i prisen for 2. barnet og 50 % for andre barn familien har i barnehagen eller SFO.
- Ved sjukefråvær på 1 månad eller meir, kan det etter søknad gjevast betalingsfritak for den tida barnet har vore borte. Det må dokumenterast at barnet er sjukt, eller at sjukdom til familiemedlem gjer det vanskeleg/uråd å ha barnet i barnehagen.
- Månadsbetaling for frukt, mat og drikke m.m i barnehagane i Suldal kommune: kr 80 x tal på opphaldsdagar pr. veke. (retningslinjer for bruk av matpenger?)
- Ved tilfeldig opphald som t.d. ved gravferd m.m. skal det betalast kr 310. Ein føresetnad er at det er plass i barnehagen.

- Ved ferieavvikling i veker der det er færre enn 5 plasser kan barnehagen vurdere å halda stengt. Dette skal foreldra bli informert om seinast 1. mai.

18 SKULE- FRITIDSORDNING

SFO	Pr	2017	2016
Oppholdstid 1-10 timar i veka	Månad	kr 1 020	kr 980
Oppholdstid 11-14 timar i veka	Månad	kr 1 720	kr 1 650
Oppholdstid > 15 timar i veka	Månad	kr 2 430	kr 2 340

Normaltid for SFO er kl. 07.30 – 16.30.

- Der det er tre barn eller mindre som har behov (SFO), skal tilbodet samordnast med barnehagen. Ferielukking av nokre barnehagar kan vera aktuelt dersom ein sikrar at barna likevel har eit tilbod.
- Månadsbetalinga skal reknast etter oppholdstid i vanleg skuleveke.
- Ved førehandstinga opphald i skuleferiar i tillegg til vanleg skuleveke skal oppholdstimane fordelast ut på heile skuleåret.
- For fullt skuleår skal det betalast for 11 månader (stengt i juli).
- For barn i 5. – 7. klasse med særskilte behov skal det betalast halv pris dersom lege eller anna faginstans har gitt skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO.
- Ved tilfeldig opphald eller kjøp av ekstra dag så skal det betalast kr 500,-. Føresetnad om ledig plass.
- Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad.

Elevar i SFO vert sett i samanheng med barnehage når det gjeld høve til å få søskenmoderasjon. Barnet i SFO er det som oppnår rabatten. Det er ikkje søsken-moderasjon på tilfeldig oppholdstid. Reglane for moderasjon i barnehagane vert lagt til grunn.

19 KULTURSKULEN

Kulturskulen	2017	2016
Individuell opplæring pr semester pr barn	kr 1 330	kr 1 280
Individuell opplæring pr semester pr voksen	kr 1 960	kr 1 880
Gruppeopplæring	kr 1 270	kr 1 220
Kor og liknande.	kr 430	kr 410

- Det blir gitt 20% søskenmoderasjon (etter alder) frå og med det 2. barnet og frå og med 2. tilbod for same barn.
- Leige av musikkinstrument: kr. 250,- pr semester

20 BRUK AV DISTRIKTMUSIKARANE UTANFOR KOMMUNEN

Eigne avtalar med Ryfylkekommunar. Pris for anna bruk av distriktmusikarane etter nærare avtale.

21 GEBYR SALS OG SKJENKELØYVE

I samsvar med Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk – kap. 11–2 for 1 kalenderår om gongen på grunnlag av venta omsett mengde alkohol. Minimum kr. 1.480,- for sal og kr. 4400,- for skjenking. Ambulerande løyve inntil kr. 310,- pr. gong.

22 UMLEIGEREGLAR –OG PRISAR FOR KOMMUNALE BYGG (IKKJE BUSTADER).

Utleigereglar:

1. Rom i kommunale bygg skal i hovudregelen vera tilgjengelege for alle lovlege føremål som blir skipa til av lag og organisasjonar som høyrer til i kommunen.
For kulturhuset gjeld det og lag og organisasjonar høyrer til i regionen indre Ryfylke.
2. Dei som til dagleg disponerer lokala har fullmakt til å gjera avtale om utleige. Utleigaren har og fullmakt til å ta avgjerd om aktivitetar som ikkje skal tillast.
3. Leigar har plikt til å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar.
For kulturhuset gjeld det og brann –og innbrotsalarm.
4. I Suldalshallen og på skulane skal all trening vera avslutta kl. 22.00. All bruk utover denne tida må avtalast med utleigar. Trening må vika for anna arrangement.
5. Det er forbode å nyta alkohol innafør skuleområda.
I andre bygg enn skulebygga kan den som av rådmannen er gitt driftsansvar for huset i særskilte høve gje løyve til lukka arrangement.
Søknad om ambulerande skjenkeløyve må sendast rådmannen.

Kulturhuset:

Her er det under følgjande føresetnader tillete å skjenka øl og vin i storsalen under føresetnad av at amfiet ikkje er i bruk og i foajeen inkl. "allrom" i hovudetasjen.

- Ambulerande skjenkeløyve. Avgjerdsrett er delegert rådmannen.
- At arrangementet er basert på eit vakse publikum.
- At kravet til matservering er oppfylt.

Utleigeprisar:

A. Fellesreglar:

1. Lag og organisasjonar som høyrer til i kommunen, og for kulturhuset lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke, kan få leiga rom gratis til ikkje inntektsgivande arrangement. I Suldalshallen må lag og organisasjonar som brukar hallen ta del i vaktordninga på kveldstid. Den blir fordelt etter kor mykje tid kvar enkelt lag brukar hallen.
2. Dersom utleige fører med seg store ekstra kostnader til reingjering, straumforsyning m.m. kan utleigar krevja betaling i samsvar med reelle utgifter. (gjeld og lag/ organisasjonar i pkt. 1).
3. For overnattingsopphald i helger og skuleferiar er leiga 60,- kr. pr. døgn pr. deltakar.
4. Det er høve for utleigarane til å laga meir detaljerte reglar innafor den ramma kommunestyret her har fastsett; t.d. leige tilpassa deler av dag.

B. Fellesreglar unnateke pkt. C-F.

For firma, utanbygds –og private lag og organisasjonar som leiger:

Pris pr dag	2017	2016
Mindre rom	kr 480	kr 460
Gymsalar / større salar	kr 860	kr 830
Salsutstilling i mindre lokale	kr 100	kr 100

For salsutstillingar i mindre lokale må ein og betale 10% av omsetninga - det må leggjast fram rekneskap.

C. Kulturhuset:

1. Lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke betalar 30 % av overskotet med eit tak på kr. 7500,- pr. dag ved inntektsgivande arrangement – elles gratis. Det må leggjast fram rekneskap.
2. Lag og organisasjonar utafor indre Ryfylke, artistar, kulturinstitusjonar og bedrifter m.m. betalar mellom kr. 800,- og kr. 7500,- pr. dag (avhengig av areal) ved ikkje inntektsgivande arrangement, elles 20% av omsetning over kr. 7500,- i tillegg til leigepris. Det må leggjast fram rekneskap.

I særlege tilfelle får rådmannen fullmakt til å fråvika desse satsane.

1. Tillegg for teknisk assistanse kr. 230,- + mva. pr. time pr. person; dvs. hjelp til lys, lyd og anna teknisk hjelpemiddel, ekstravakter og billettsal på arrangementsdagen for lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke – elles kr. 430,- pr. time

D – F. Leige av hall

2017	En av hallene		
	Time	Dag	Begge hallene
Leige av Suldalshallen og/eller Sandhallen:			
Heile hallen til kongressar, leirar o.l.			
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar		kr 3 800	kr 7 100
Innanbygds lag og organisasjonar		kr 1 900	kr 3 500
Heile hallen til salsmesser o.l. .			
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar	kr 500	kr 7 800	kr 14 100
Innanbygds lag og organisasjonar		kr 3 800	kr 7 100

Noregs Volleyballforbund si leige av Sentralidrettsanlegget er regulert i eigen avtale.

G. Sentralidrettsanlegget, uteanlegget m/ tilgong til utegarderobar i Suldalshallen

Anlegg	2017	2016
Heile anlegget inntil 6 timar per time	kr 500	kr 290
Heile anlegget over 6 timar per dag	kr 3 800	kr 1 130

H. Gullinghuset:

Gullinghuset	2017	2016
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar pr dag	kr 1 390	kr 1 340

23. TILSKOT TIL VETERINÆRSKYSS

Suldal kommune dekkar reiseutgifter til veterinærhjelp for køyring frå 5 til 20,0 km kvar veg.

24. AVGIFT FOR GRAVFESTE

Avgift for gravfeste kr. 110,- pr. år (etter 20 år). Dersom det blir sett av grav til attlevande ektefelle ved sida av den gravlagde, forfell begge gravene til betaling 20 år etter at første grav blei tatt i bruk.

25. GEBYR FOR KUNNSKAPSPRØVE

Gebyr for kunnskapssprøve kr 300,-.

5. DISPOSISJONSRETT OVER LØYVINGAR.

Reglar for disposisjonsrett over løyvingar i årsbudsjettet vert gjort gjeldande i samsvar med gjeldande delegasjonsregelement.

6. YMSE

Sal av fast eigedom

Alt sal av kommunal bygningsmasse vert nytta i investeringsbudsjettet.

Kompensasjon for politisk verksemd for egne tilsette.

Vikarutgifter blir dekkja med inntil kr. 2.000,- (inkl. arbeidsgivaravgift) pr. møte for kommunalt tilsette innvalde i formannskapet og hovudutvala.

Arbeidsplassane sender inn oversikt over reelt fråvær, og får overført vikarlønn i høve til dette fråværet.

Adopsjon.

For å gjera fleire innbyggjarar i Suldal i stand til å adoptera blir det innført eit kommunalt tilskot tilsvarande det staten gir. Ordninga blir finansiert innafor gjeldande budsjett av formannskapet sin disposisjonskonto.



Suldal kommune
Eidsvegen 7, 4230 Sand.

Sentralbord : 52 79 22 00

E-post: postmottak@suldal.kommune.no
Telefaks: 52 79 22 05

www.suldal.kommune.no